

# Smittesaneringsprosjektet

## FRISKERE GEITER



### Saneringsnytt nr 4-2005

- Resultat hittil i år
- Byllesjuka
- Paratuberkulose
- Sau
- Kontakt med utlandet
- **Friske geiter i Noreg**
- Mastittprosjektet
- Salg av friske kje
- Påmelding til prosjektet
- Avl og semin

#### Resultat hittil i år

CAE er framleis den viktigaste sjukdommen vi sanerer for. Det er køyrt 6600 testar på mastittlaboratoriet i Molde hittil i år. Vi har no godt over 50 buskapar som er med i programmet, men alle desse har ikkje fått tak i dyra dei skal ha enno, og alle har ikkje teke prøver nok hittil i år. Difor har vi 50 buskapar på lista til høgre. Der kan ein sjå utviklinga i talet på CAE-positive dyr frå år til år. Vi ser at det av og til dukkar opp eitt eller fleire positive dyr. Det vi også ser, er at det alltid blir færre positive etter ei tid. Resultata i denne tabellen viser tydeleg at den metoden vi har valt fungerer. Den viser også at det blir gjort svært mykje bra arbeid på dei gardane som sanerer, og sjølv om det i visse tilfelle har vore kraftige tilbakefall, er pågangsmotet og jobbinga svært god, og det gjev resultat.

#### Byllesjuka

Denne sjukdommen lurar stadig i bakgrunnen og er ein trussel for dei som har sanert og som kan koma bort i dyr som er smitta. Hittil har dette gått bra og vi har ingen tilbakefall. Det er analysert svært mange byllar frå dyr i desse buskapane, men det har berre vore påvist andre typar bakteriar enn den som gjev byllesjuka, nemleg *Corynebacterium pseudotuberculosis*.

#### Paratuberkulose

Vi er no godt i gang med sanering i buskapar der det er påvist paratuberkulose for ikkje svært lenge sidan. Vi veit såleis at det er bakteriar i dyr eller i møkka på garden. Vi reknar no med at det er paratuberkulose på dei fleste av dei geitegardane som ligg i område med tvungen vaksinerings, sjølv om det ikkje er påvist ved dyrking. Vi må altså ta omsyn til dette i saneringsarbeidet, og det som er det vanskelegaste punktet er ofte spørsmålet om kvar ein skal gjera av møkka.

Vi har mykje arbeid framanfor oss her, men vi ser løysingar, så det er optimisme.

I førre nummer skreiv vi om prøvetakingsrutinar. Vi tek no blodprøver for kartlegging i dei områda der det ikkje er vaksinerings. Det er berre yngste årgang som blir testa. Dersom alle er negative, blir buskapen rekna som fri. I område der det blir vaksinert vil vi i tillegg til prøver frå dyr også ta prøver frå møkk på golv, jord utanfor fjøset og frå drikkevatt der det kan ha sige møkk uti. Dette arbeidet er vi akkurat starta med. Vi reknar med at

#### CAE-påviste geiter etter sanering pr år pr bruk

Bruk nr	2001	2002	2003	2004	2005
1		0	0	0	
2				0	0
3	0	0	1	0	0
4			0	0	
5	0	0	0	0	0
6	0	0	0	0	
7			2	0	
8	0	0	0	0	0
9				0	0
10			3	0	0
11			2	0	0
12		6	0	0	0
13		1	1	0	0
14	0	1	0	0	0
15	0	0	0	0	
16				0	0
17			0	0	0
18				0	0
19	0	0	0	0	0
20			0	0	
21		0		0	
22				0	1
23	0	0	0	0	0
24				0	
25			12	1	0
26		2	1	1	0
27				1	0
28				2	0
29		0	0	3	0
30				3	0
31				3	1
32				4	0
33		0	2	21	0
34					1
35					2
36					0
37					2
38					0
39					0
40					0
41					0
42					0
43					0
44					2
45					0
46					0
47					0
48					0
49					14
50					0

vi då får eit mykje sikrare svar på om det verkeleg er smitte på garden eller ikkje. Det skal bli svært spennande så sjå resultatet av denne dyrkinga etter fire månader.

For å fylgje opp sanerte buskapar i område der de er stor risiko for at bakterien finnst, blir det teke blodprøver av alle dyr. Vi reknar med å ta mellom 3 og 4 tusen prøver før desember. Dette vil også gje oss mykje ny kunnskap om korleis testen fungerer, og om vi klarar å plukke ut dei dyra som kan ha fått i seg paratuberkulosebakterien.

Mattilsynet har gitt generell dispensasjon for vaksinerings mot paratuberkulose i alle buskapar som er med i prosjektet. Det einaste kravet er at det blir gitt melding til det aktuelle distriktskontoret om kva buskapar det gjeld.

### **Sau**

I år er det kome med i prosjektet ein god del buskapar som også har sau. Vi har oversikt over ca 550 dyr med eit snitt på 17 % CAE-positive. Det varierer mykje mellom ulike buskapar.

Dei sauene som testar positivt blir slakta. Det same gjeld avkommet etter desse. Sauene og geitene må oppstallast separat inntil vi ser korleis resultatet blir etter vidare testing. Vi reknar med å teste sauene ein gong pr år.

Byllesjuka på sau kan bli ei vanskeleg oppgåve ved saneringsarbeidet i kombinerte buskapar. Dette arbeidet må vi setja meir krefter inn i. Eitt spørsmål som vi stadig kjem tilbake til er erstatningsordningar ved sanering av sauer. Til no er ikkje dette bra nok. Vi har ikkje sikre svar på noko av dette enno, men arbeidet må gjerast.

### **Kontakt med utlandet**

Vi har i utgangspunktet hatt kontakt med geitemiljø i Sveits og i Sverige. I år har vi også knytt kontakt med forskingsmiljø i Frankrike. Dette kan bli svært interessant, då Frankrike ligg langt framme på forskning på geit. Resultatet av denne kontakten så langt, er at ein viktig forskingsstasjon i Frankrike blir med på fleire søknadar om pengar til nye prosjekt. Vi håper å starte opp prosjekt både når det gjeld parasittar, paratuberkulose og generelt helsearbeid. Planen er også å utdanne nye folk til å gå inn i dette arbeidet i åra som kjem.

### **Friske geiter i Norge**

Vi ser etterkvart at dei buskapane som no har sanert for dei tre sjukdommane, får eit stort forsprang ikkje berre nasjonalt, men også internasjonalt. Det er ikkje mange land, om dei finnst, som får ein geitebestand som er så frisk. Dette vil gje norske geitehaldarar fortrinn i framtida, det er det ingen tvil om. Det er blant anna i mange land ikkje lett å finne geiter som er sikkert negative for paratuberkulose.



### **Mastittprosjektet**

Vi ser likevel at det ikkje alltid går utan problem i dei sanerte buskapane. Tormod Mørk er godt i gang med eit mastittprosjekt der fire Friskere geiter-buskapar er med. Det er reist spørsmål om det er slik at det blir meir mastitt i sanerte buskapar. Vi har ingen indikasjonar på det i dag. Ein rask gjennomgang av data frå geitekontrollen viser at det er stor skilnad på buskapane i prosjektet. Det er

såleis altfor tidleg å trekkja konklusjonar. Vi må berre presisera at sanering for dei smittsame sjukdommane ikkje løyser alle problem og oppgåver.

Det er svært viktig å fylgja gode mjølkingsrutinar, kanskje endå viktigare når geitene mjølkar meir. Det er også viktig å utrangere geiter med høge celletal over lang tid. At fjøsmiljøet må vera bra, er sjølvsagt, og mange prosjektdeltakarar har då også gjort mykje for å gjera dette betre.

Vi vil koma tilbake med meir informasjon om dette prosjektet. Det kan vera aktuelt å sende ut spørjeskjema til prosjektdeltakarar, då data frå geitekontrollen ikkje alltid er gode nok for å vise korleis situasjonen er.

### **Salg av friske kje**

I kontrakten har alle skrivne under på at kje som blir til overs skal prioriterast for salg til andre som sanerer. Dette har stort sett gått bra, men det har også vore problem med at ein er ute i siste liten og det har også vore ført kje over fylkesgrenser før Mattilsynet har fått søknad om slik overføring. Det har også vorte omsett kje som ikkje er eigna til salg.

Trond Pettersen har sendt ut brev til alle aktuelle livdyrseljarar i NordNorge for å få oversikt over kor mange kje som kan omsetjast neste år. Alle som treng kje i Nordland og Troms kan vende seg til han. I SørNorge har vi ikkje gjort tilsvarande, men det viser seg at mange av dei som kan levere kje neste år alt er kontakta og har tinga bort kje sine.

Vi vil minne om at kjea må vera av ein viss kvalitet, og vi har tidlegare sett ei nedre grense for dagleg tilvekst på 185 gram. Dette held vi fast ved, og dei kjea som ikkje greier denne tilveksten er ikkje skikka som livdyr.

På internett er det no to dataprogram laga i Excel som kan brukast for fastsetjing av pris. Desse finn du på <http://leine.no/htg/sanering/info/salg/index.htm>

### **Påmelding til prosjektet**

Det er no påmeldt 44 produsentar for sanering til neste år. Av erfaring veit vi at nokon fell frå eller vil utsetja det endå eitt år. Så det er ikkje heilt umogeleg for andre å bli med i denne omgangen.

Men vi treng no å få påmeldingar for 2007. Dette kjem av at vi må laga budsjett nesten to år i førevegen. Difor må alle som har tenkt å starte om eitt år melde seg på no. Ingen ting er bindande før kontrakten er skriven, og det er alltid muleg å trekkje seg. Men vi vil gjerne ha oversikta over aktuelle deltakarar i 2007 innan november i år.

### **Avl og semin**

V/Ingunn Nævdal

### **Avlsbukker**

Det står en rekke avlsbukker i "Friskere geiter" – besetninger som har mulighet for å bli avkomsgranska på grunn av livdyrsalg av døtre. Kåra bukker med minst 12 døtre fordelt i minst tre besetninger vil komme med i den offisielle indekslisten. Avlsrådet for geit har fått forespørsel om det er ønskelig å ta vare på slike bukker med tanke på semin. Når bukkene er "ferdigbrukt" i egen besetning er det ikke alltid plass til å ha dem stående til de har fått indeks og kan vurderes for semin. Avlsrådet har følgende svar på dette spørsmålet:

*Bukker som tas inn til semin vil være godt betalt. Det vil være opp til den enkelte "Friskere geiter" – deltaker å vurdere om det er verdt å ta vare på bukker som kan bli aktuelle for semin.*

### **Årets sædproduksjon av friske bukker**

Det er produsert og lagret sæddoser av alle de 10 seminbukkene fra sanerte besetninger som var inne på Geno Hallsteingård Seminstasjon i år. Bukkene er nå sendt til slakt, men det skal være nok doser på lager til framtidig bruk som elitebukk. Av disse 10 bukkene vil det sannsynligvis bli 1-2 av dem som etter gransking vil bli brukt som elite.

## Seminringen

I Saneringsnytt nr. 1/2005 ble det informert om at det er utarbeidet regler for en seminring. Seminringen skal være et samvirketiltak der geiteholdere samarbeider om å gjennomføre et godt avlsarbeid. Avkomsgranskningen av bukker skal skje ved bruk av semin. Etter hvert som flere og flere besetninger sanerer, vil antall besetninger i bukkeringer bli redusert. Det vil bli granska færre bukker i bukkeringene og målet er at Seminringen gradvis tar over granskinga.

Reglene er godkjent av styret i NSG, men ringen er ikke formelt startet opp ennå. Dette skyldes at eierinseminering til nå bare har vært tillatt i forbindelse med seminforsøk. Før neste paringssesong vil det bli søkt Mattilsynet om å få godkjent eierinseminering som inseminasjonsmetode. Det er stor sjanse for at dette vil gå i orden og det vil da bli arrangert eierinseminørkurs før sommerferien 2006.

Det er ingen begrensning på antall medlemmer i en seminring. Jo større tilslutning jo bedre. For å få store nok avkomsgrupper etter hver bukk, og med det en sikker gransking, er det avgjørende med en god tilslutning til Seminringen. Det er heller ikke nok å granske bare noen få bukker. Det bør granskes mange slik at det blir en sterk seleksjon av bukker til elite. En annen viktig faktor er at det blir brukt elitebukksæd på de beste geitene slik at det blir mulig å plukke ut gode prøvebukker til semin.

Medlemmene i Seminringen har visse forplikter. I følge reglementet skal minst 50 % av påsettet være etter seminprøvebukk. Med et snitt på 55 % tilslag etter semin kan noen ha motforestillinger mot å inseminere så stor andel av flokken. For å redusere skepsisen til å bli med i Seminringen kan det muligens gis dispensasjon fra dette kravet i en periode nå i oppstarten. Dette vil gå fram av framdriftsplanen for Seminringen som skal være klar i begynnelsen av desember. Et forslag til plan for Seminringen vil før den tid bli sendt på høring hos avlsutvalga og diskutert i Fagforum geit.

Reglene for Seminringen er lagt ut på NSG sin nettside [www.nsg.no](http://www.nsg.no)



Liv Sølverød, ny sekretær for Helsetjenesten for geit, på besøk hjå Njål Sikveland, Undheim på Jæren, som er ny prosjektdeltakar.